

# SOGN OG FJORDANE TEATER

## 40 år



ÅRSMELDING  
2017

# INNHALD

4	Styret si årsmelding
6	Evig Ung
8	Privattimen
10	Fugletribunalet
12	Invasjon!
14	Miriam si forteljing – Juleevangeliet
15	Kinnaspelet
16	Forteljarkunst
17	Belle Gunness
18	Sunniva No
18	Nøtteknekkaren
19	Skomakarens Draum
19	Feleflaum og sogestraum
20	40-årsmarkering
21	Norvald Tveit 90 års markering
22	Eventyrrommet
24	Nynorsk Barnebokfest
26	Personale
27	Samarbeidspartar, styre
28	Statistikk
30	Resultat/balanse
32	Notar
38	Revisor si melding

## TEATERÅRET 2017

Frå oppstarten av Sogn og Fjordane Teater i 1977 og fram til i dag, har teateret vore eit turnéteater som har oppsøkt større og mindre stader i fylket. I 2017 feira vi at teateret fylte 40 år. Vi er framleis eit ungt teater i den store samanhengen, og vi skal halde fram med å vere unge, nyskapande, modige, engasjerte og inkluderande. Vi skal ikkje berre spele i dei store kulturhusa, men òg i gymsalar, bygdehus, kyrkjer, bibliotek, barnehagar, skular og aldersheimar.

Repertoaret for 2017 blei bygd omkring det at vi skulle feire teateret, korleis det vart til og vidare eksistens. I løpet av teateråret har vi presentert fem eigenproduksjonar, i tillegg til gjestespel og samproduksjonar, lab-prosjekt og eventyrstunder.

Repertoaret byggjer på prinsippa lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Vi skal vere lokalt forankra, nasjonalt orienterte og internasjonalt inspirerte. Vi skal spele klassikarar, samtidsdramatikk, norsk eller utanlandsk og nyskriven nynorsk dramatik. Oppgåva vår er å underhalde, stille spørsmål, skape glede, medkjensle, undring, raseri og håp. Ikkje minst skal alle produksjonane våre ha som mål å vere av høg kunstnarisk kvalitet.

Jubileumsåret starta med musikalen «Evig ung» av Erik Gideon. Stykket har gått sin sigersgang både på europeiske og skandinaviske scener.

Vi valde å lage vår eigen versjon her på teateret, med vekt på historia vår som eit turnerande teater. Stykket blei sjølvstøtt spelt på scenespråket vårt – vestnorske dialektar – for å underbygge, skape og styrke identiteten mellom teateret og publikum.

Årets klassikar var «Privattimen» av absurdisten Ionesco. Den verdskjende einaktaren handlar om ein ung, naiv elev og ein underleg professor, og stiller spørsmål som: Kva oppdreg vi ungdommen til, kva slags banal kunnskap tvingar vi på dei, og ikkje minst kva brukar vi språket til? Til å dominere eller til å frigjere? Produksjonen blei vist til ungdomar i heile fylket gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS).

Sogn og Fjordane Teater og DKS har i løpet av 2017 hatt tre samarbeidsprosjekt. Den andre produksjonen var «Fugletribunalet», norsk samtidsdramatikk av Agnes Ravatn, ei gjenkjenneleg historie frå eit vestlandsmiljø.

Den tredje samarbeidsproduksjonen med DKS var «Invasjon!», av den svenske samtidsdramatikaren Jonas Hassen Khemiri, er òg ei gjenkjenneleg historie. Stykket tematiserer både maktmisbruk og framandfrykt. Gjennom ei humoristisk og engasjerande form var det eigna for eit ungt publikum, og la eit godt grunnlag for samtalar om identitet, kultur, fordommar, makt, framandfrykt og tida vi lever i.

Sogn og Fjordane Teater har eit langsiktig prosjekt med formidling av teater for og til ungdom. I 2016 var ungdomane aktivt involverte, som aktørar i produksjonen UNG 2016. Ungdom spelar for ungdom. I 2017 er dei publikum.

Målet med å veksle mellom aktør og tilskodar er både å fremje og stimulere interessa for teater, og å rekruttere nytt publikum.

I arbeidet med å fremje teateret hos den yngre generasjonen har det vore viktig å vere opne og invitere ungdomane inn.

Dei har fått møte ensemblet og andre kunstnarisk tilsette under prøveperioden, og under speleperioden har det blitt arrangert scenesnakk etter framsyningane. Teateret har òg bidrege med å utvikle pedagogiske opplegg til dei ulike prosjekta.

Vi har halde fram med å samarbeide med kulturskulane i Førde, Jølster og Flora dette året, eit samarbeid som blei etablert i 2016. Det årlege Kinnaspelet, som vi er stolte over å vere ein viktig del av, er òg av stor betydning for samspelet mellom teateret og lokale aktørar. Kinnaspelet er med på å styrke og utvikle scenekunstmiljøet i regionen. Vi hadde òg eit samarbeidsprosjekt med Førde Internasjonale Folkemusikkfestival i 2017, «Sunniva No». Det var ein interaktiv og samtidsorientert danseproduksjon som bygde på legenda om St. Sunniva, som hadde urpremière under Førdefestivalen.

I 2017 gjentok vi suksessen frå 2016 «Juleevangeliet – Miriam si forteljing» av Håvard Rem.

Denne historia er ein del av ein trilogi om tre kvinner som fortel om deira forhold til Jesus. Miriam, tanta som er til stades når han blir fødd, Maria Magdalena, som følgjer han under vandringane hans og til slutt Maria, mora som er til stades når han blir krossfesta. Målet er å spele dei andre stykka i åra fram til 2020.

Etablering av lab-prosjekta våre gir oss høve til å forske i prosjekt for framtida, produkt som seinare kan bli ein del av repertoaret vårt. I 2017 inviterte vi Miriam Prestøy Lie, dramatikar og regissør med fast tilhald i Dale i Fjaler. Vi hadde òg ei arbeidsveke i forteljarteater med Dominic Kelly, der fire skodespelarar forska i eldre folkeeventyr frå Asbjørnsen og Moe, eventyr som seinare blei viste i Eventyrrommet eller på turné, både for born og eldre. Begge gruppene sette pris på ei god forteljing, godt fortald på ein spennande måte, med enkle verkemiddel, blotta for teknologi.

Sogn og Fjordane er eit turnéteater som femner vidt i heile fylket, gjennom heile året. Målet vårt var å besøke heile Sogn og Fjordane i 2017. Vi spelte i alle kommunane i fylket, på 60 ulike spelestader og spelte 223 framsyningar. Besøkstalet er i overkant av 18 000, noko som vitnar om at fleire og fleire kjem og ser framsyningane våre.

Det er vi stolte av.

Sogn og Fjordane Teater skal vere eit møtepunkt for opplevingar. Det skal spegle samtida vår og spele ei viktig og stor rolle i det å skape felles kulturell identitet. Samfunnet treng teateret – og vi treng teateret – òg på eit personleg plan. Sogn og Fjordane Teater skal vere eit moderne, offensivt, produserande og turnerande teater av høg kunstnarisk kvalitet.



*Bodil Kvamme*

**Bodil Kvamme**  
Teatersjef

# STYRET SI ÅRSMELDING

Sogn og Fjordane Teater driv teaterverksemd i heile Sogn og Fjordane og held til i Førdehuset i Førde. Teateret er ein viktig og naturleg del av fylket sitt kulturtilbod. Vi når innbyggjarane i fylket med scenekunst av høg kunstnarisk kvalitet. Teateret nyttar nynorsk som scenespråk.

I 2017 har vi hatt 223 framsyningar, vitja 60 spelestader og presentert 12 titlar. I Førde vart det spelt 84 framsyningar, 32 av desse i Eventyrrommet, medan resten vart vist på turné. Vi har nådd publikum over heile fylket og vitja alle kommunane i Sogn og Fjordane.

Publikum tok godt imot tilbodet vårt i 2017, og særleg «Evig Ung» og «Fugletribunalet» selde godt. Den kulturelle skulessekken (DKS) har vore ein viktig samarbeidspart. Framsyningar «Privattimen», «Fugletribunalet» og «Invasjon» vart viste for 4 882 elevar gjennom samarbeidet mellom teateret og DKS.

Vi har utnytta kapasiteten mellom hovudproduksjonane til å utvikle «Eventyrrommet» og ulike samarbeidsprosjekt, som t.d. Nynorsk Barnebokfest i samarbeid med Rom for Ord, og «Sunniva no» i samarbeid med Førdefestivalen. Det har hatt innverknad på publikumstalet, supplert tilbodet og auka publikumstilfanget, spesielt i Førde. Totalt hadde teateret eit besøkstal på 18 094. Auken i publikumstal gjev grunnlag for optimisme med tanke på publikum og presse si interesse for teateret si verksemd.

Publikumsundersøkinga frå 2016 har gjort oss betre i stand til å målrette tiltak for korleis vi

treffer endå fleire tilskodarar med framsyningane våre. Vi er nøgde med auka tal publikum, samstundes som vi legg vekt på å arbeide langsiktig med publikumsutvikling. Vi følgjer nøye med på korleis snittet utviklar seg over år.

Vi har med oss gode erfaringar i vårt vidare arbeid for å styrke ein levande dialog med regionen, eigarane og publikum for å skape eit variert scenekunsttilbod på nynorsk til heile Sogn og Fjordane. Styret er godt nøgd med den samla økonomiske situasjonen og dei kunstnarlege resultatane i 2017 og ynskjer å takke teatersjef og alle medarbeidarane for innsatsen.

Styret opplever òg å ha ein god relasjon til eigarane og vil takke for samarbeidet med tilskotspartane og alle andre som har bidrege til teateraktiviteten i 2017.

## Eigedelar og miljø

Sogn og Fjordane Teater leiger administrasjons-, prøve- og verkstadslokale i Førdehuset av Førde kommune. Leigeavtalen mellom kommunen og teateret er i skrivande stund under revidering. Kommunen låner òg ut Gamle Prestegarden i Førde til teateret. Motytinga er at teateret held ved like bygningen som vert nytta som bustad til engasjerte skodespelarar og anna tilreisande personale. Teateret eig tre leilegheiter sentralt i Førde. Leilegheitene vert brukte til engasjert personale som har behov for bustad medan dei arbeider ved teateret.

Teateret eig ein lastebil og ein varebil, og leiger fleire transportmiddel under turné dersom det er behov for det.

Etter at teateret i 2016 gjennomførte tiltak for å utbetre tilhøva for lyd i teatersalen, har vi i 2017 investert i nytt lyd- og lysanlegg for turné. Nytt utstyr aukar kvaliteten for publikum og gjer at arbeidet til lydteknisk mannskap er meir effektivt og held ein høgare kvalitet. Investeringsbehov vert gjennomgått kvart år i samband med budsjettarbeidet. Anna teknisk utstyr i teateret si eige er i god stand, og det er ikkje meldt om skade på eige utstyr i 2017.

Som tidlegare har teateret halde fram med utleige og utlån av teknisk utstyr og kostyme til lag, organisasjonar og skular over heile fylket. Teateret sitt personale bidreg også med kompetanse og faglege råd til amatørar og frivillege i ulike samanhengar. Teateret har i all si verksemd som mål å ikkje ureine det ytre miljøet.

## Personale

Teateret hadde 19 fast tilsette og to personar på årskontrakt i 2017. Gjennom året vart det engasjert frilanspersonale og vikarar, som til saman utgjorde 8,2 årsverk. Samla årsverk ved teateret i 2017 var 29,2.

2017 var Bodil Kvamme sitt andre år som teatersjef i åremålsperioden 2016 – 2019. Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. Teateret er ei IA-bedrift (Inkluderande arbeidsliv) og er tilslutta AKAN (Arbeidslivets komité mot alkoholisme og narkomani). Vidare har teateret avtale med bedriftshelsetenesta Stamina som bidreg til arbeidet med Helse miljø og tryggleik. Totalt sjukefråvær i 2017 var 614 dagar. Dette svarar til om lag 8 % av total arbeidstid i året.

Sjølv om dette er høgare enn tidlegare år, finn leiinga ikkje grunn til å tru at det er arbeidsmiljøet som er grunn til auken. Auken skriv seg frå langtidsfråvær på grunn av svært ulike sjukdomsbilete. Det har ikkje vore meldt om alvorleg skade eller ulykker på personale i 2017.

Teateret har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 14 årsverk kvinner og 15 årsverk menn. Av kunstnarisk personale brukte teateret ni kvinnelege og 11 mannlege årsverk i 2017. Styret består av tre menn og to kvinner. Av varamedlemmene til styret er tre kvinner og tre menn.

Arbeid med å førebyggje trakassering og diskriminering har høg prioritet i HMT-arbeidet ved teateret. I 2017 var scenekunstbransjen i søkelyset med «meetoo»-kampanjen, og vi har arbeidd med temaet i utviklingsarbeidet med dei tilsette. Det blir i skrivande stund gjort presiseringar i internkontrollsystema våre som gjeld trakassering.

### Økonomi

Teateret er godt nøgd med resultatet for 2017. Det syner eit overskot på kr 278 599,-. Det var budsjettert med eit overskot på kr 5 000,- og resultatet er såleis betre enn planlagt. Billettinntektene på kr 1 489 360,- er kr 134 360,- betre enn budsjettert. Det har medverka til det positive resultatet. Samla driftsinntekter i 2017 var 28,7 mill. Av dette er 5,3 % eigeninntekter. Teateret sine eigeninntekter var på 4,7 % i 2016, 6,7 % i 2015 og 10,1 % i 2014.

Teateret inngjekk i 2016 avtale om innskotsbasert pensjon. Kostnader til pensjon i 2017 vart lågare enn budsjettert. I tråd med rekneskapsstandarden for små bedrifter vert pensjon ikkje balanseført, men er omtalt i eigen note i årsrekneskapan (note 5).

Teateret er i si ordinære verksemd utsett for låg rente-, kreditt- og valutarisiko og arbeider medvite med å ha ein akseptabel risiko innan desse områda.

Likviditetsgrad 1 er på 0,45 og det vil seie at likviditeten til teateret er stram. Teateret har kartlagt tiltak for å betre likviditeten om det skulle syne seg å vere nødvendig.

Resultatet i 2017 gjev teateret ein eigenkapital på om lag 4,4 mill. Eigenkapitalen er i tråd med styret sitt mål om å skape handlingsrom til enkeltsatsingar og til å kunne tåle naturlege svingingar i økonomien.

### Vidare drift

Styret vurderer det slik at teateret har overhalde føresetnadene knytte til dei offentlege tilskota, og at både resultat og oppnådde mål er tilfredsstillande.

Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapan.

Førde 24.februar 2017



Rasmus Mo

styreleiar




Iris Loftheim

styremedlem



Ola Tarjei Kroken

styremedlem



Eva Marie Halvorsen

varamedlem fylket



Kjell Furevik

tilsetterepresentant



Bodil Kvamme

teatersjef

# EVIG UNG

Première 10. februar 2017 i Førde, Teatersalen

Framsyningar: 27

Publikum: 3.397



Foto: Oddleiv Appeneth

Av Erik Gedeon

**Omsetjing** Marit Tusvik

**Regi** Hilde Sol Erdal

**Scenografi/kostymedesign** Åse Hegrenes

**Maske** Helena Andersson

**Dramaturg** Solrun Toft Iversen

**Lysdesign** Krystian Myska

Teaterforlag Colombine

## Medverkande

Claus Sellevoll

Elisabeth Moberg

Harald Dahlstrøm

Idun Losnegård

Oda Alisøy

Sigurd Sele

Stig-Werner Moe

**Turnéleiar/sjåfør** Halldor Horne

**Scenemeister/snikkar** Kjell Furevik

**Teknikar/lyd** Robert Tomkiewicz

**Teknikar/lys** Krystian Myska

**Teknikar/rekvisitt** Tore Eide

**Inspisient** Pelle Gustavsen

**Rekvisitør** Reidun Støfring

**Systeme** Anna Wingård, Rebekka Dahle

**Marknad, informasjon og sal**

Lene Grande og Marion Aas Wie

## FORMIDLINGSAKTIVITETAR:

“Samtale på scenekanten” med Firda vgs saman med skodespelarane.



Kulturkafé i samarbeid med Førde bibliotek og Rom For Ord

Samtale med regissør Hilde Sol Erdal, samtaleleiar

konstituert teatersjef Solrun Toft Iversen.

«Eit stykke heilt utan død-  
punkt, og som strålar både  
speglede og musikalitet»

-Firda Tidend



«Forrykande om maktmisbruk.»

-Firda



# PRIVATTIMEN




Foto: Oddleiv Apneseth

Première 10. mars 2017  
i Førde, Teatersalen  
Framsyingar: 37  
Publikum: 1.577

Av Eugene Ionesco  
**Omsetjing** Svein Selvig  
**Regi/scenografi** Bentein Baardson  
**Lysdesign** Krystian Myska  
Teaterforlaget Nordiska ASP

## Medverkande

Kjersti Fjeldstad  
Kyrre Eikås Ottersen  
Reidun Melvær Berge

**Turnéleiar/sjåfør** Halldor Horne  
**Scenemeister/snikkar** Kjell Furevik  
**Teknikar/lyd/inspisient** Pelle Gustavsen  
**Teknikar/rekvisitt** Tore Eide  
**Lyd** Robert Tomkiewicz  
**Rekvisitør** Reidun Støfring  
**Systove** Anna Wingård  
**Marknad, informasjon og sal**  
Lene Grande og Marion Aas Wie

## FORMIDLINGSAKTIVITETAR:

“Samtale på scenekanten” på Sandane og i Høyanger med skulane saman med skodespelarane.



**Kulturkafe i samarbeid med Førde bibliotek og Rom For Ord**  
Samtale med regissør Bentein Baardson, samtaleleiar teatersjef Bodil Kvamme.

## DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Samarbeid med Den kulturelle skulesekken i den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane.

# FUGLETRIBUNALET

Première 1. september 2017  
i Førde, Teatersalen  
Framsyingar: 33  
Publikum: 3.875



Foto: Oddleiv Apneseth

Av Agnes Ravatn  
**Dramatisert av** Ingrid Weme Nilsen  
**Regi** Trond Lie  
**Dramaturg** Solrun Toft Iversen  
**Scenografi/kostyme** Kari Gravklev  
**Maske** Cåre Jånni Enderud  
**Lysdesign** Krystian Myska  
Teaterforlaget Songbird AS  
songbirdteater.com

#### Medverkande

Anne E. Kokkinn  
Anne Guri Tvedt  
Atle Hoff  
Kyrre Eikås Ottersen  
Stephanie Mowinckel

**Turnéleiar/sjåfør** Halldor Horne  
**Scenemeister/snikkar** Kjell Furevik  
**Teknikar/Inspisient** Odd Magne Herland  
**Teknikar/lyd** Robert Tomkiewicz  
**Teknikar/rekvisitt** Oda Alisøy  
**Rekvisitør** Reidun Støfring  
**Systove** Anna Wingård  
**Sufflør** Marion Aas Wie/Oda Alisøy  
**Marknad, informasjon og sal**  
Lene Grande, Kjell Mjelleli og Marion Aas Wie

#### FORMIDLINGSAKTIVITETAR:

**29.8.17 Førde:** Prøveframsyning for 10. klasse Førde Ungdomskule med "samtale på scenekanten" i etterkant.

**2.9.17 Førde:** Kultur kafé i samarbeid med Førde bibliotek og Rom for ord: samtale med regissør Trond Lie, samtaleleiar teatersjef Bodil Kvamme.

**19.9.17 Sogndal:** "Samtale på scenekanten" etter framsyning med styreleiar Rasmus Mo og skodespelarane.

**4.10.17 Bergen:** "Ettersnakk"

**5.10.17 Bergen:** "Førsnakk"



#### DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Samarbeid med Den kulturelle skulesekken i den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane.

«Eit lågmælt og fjellstøtt drama»

-Firda





# INVASJON!

Première 14. oktober 2017  
i Førde, Teatersalen  
Framsyingar: 24  
Publikum: 2.871



Foto: Thomas Morel

**Av** Jonas Hassen Khemiri  
**Omsetjing** Kristin Auestad Danielsen  
**Regi** Frode Gjerløw  
**Scenografi/kostyme** Frode Gjerløw  
**Lysdesign** Krystian Myska  
**Lyddesign** Ross Flight  
Teaterforlaget Colombine

#### Medverkande

Idun Losnegård  
Kadir Talabani  
Reidun Melvær Berge  
Stian Isaksen  
Thomas Bipin Olsen

**Turnéleiar/sjåfør** Halldor Horne  
**Scenemeister/snikkar** Kjell Furevik  
**Teknikar/Inspisient** Julie Bakke Kvalen  
**Teknikar/lys** Krystian Myska  
**Teknikar/lyd** Robert Tomkiewicz  
**Teknikar/rekvisitt** Tore Eide  
**Rekvisitør** Reidun Støfring  
**Systove** Anna Wingård  
**Marknad, informasjon og sal**  
Lene Grande, Kjell Mjelleli og Marion Aas Wie

#### FORMIDLINGSAKTIVITETAR:

**30.8.17:** Skulebesøk på ungdomskulane på Skei og Vassenden der temaet var "Utforsking av språk"

**26.9.17 Førde:** Skulebesøk på teateret: Skei og Vassenden ungdomsskule.

**12.10.17 Førde:** Samarbeid med Førde bibliotek og Rom for ord: med teatersjef Bodil Kvamme, regissør Frode Gjerløw, Førde internasjonale kor og Hassan Mohamad Atalseed Ahamad.

**16.10.17 Vassenden/Skei:**  
"Samtale på scenekanten" med skuleelevar.


**18.10.17 Dale:**  
"Samtale på scenekanten" med skuleelevar.

**6.11.17 Høyanger:**  
"Samtale på scenekanten" med skuleelevar.



#### DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Samarbeid med Den kulturelle skulesekken i den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane.



«...ei overraskande  
potent innsprøyting med  
julestemning, formidla  
med sjeldan god  
overtyding.»

-Firda

# MIRJAM SI FORTELJING


JULEEVANGELIET

Première 25. november i Førde kyrkje  
Framsyningar: 14  
Publikum: 621

Av Håvard Rem  
Omsetjing Asbjørg Lotsberg  
Regi Marit Østbye  
Kostymedesign Else Lund  
Lysdesign Krystian Myska  
Medverkande Idun Losnegård  
Teknikar/lyd/lys Tore Eide  
Systove Anna Wingård  
Marknad, informasjon og sal  
Lene Grande, Kjell Mjelleli  
Marion Aas Wie



Kulturkafe i samarbeid med Førde bibliotek og Rom For Ord  
Samtale med regissør Marit Østbye, samtaleleiar  
teatersjef Bodil Kvamme.



# KINNASPELET

– SONGEN OM DET STORE DJUP

17.-18. juni på Kinn  
Framsyingar: 4  
Publikum: 1.500

Av Rolf Losnegård  
**Komponist** Per Janke Jørgensen  
**Regi** Jeff Pedersen  
**Musikalsk ansvarleg** Harald Dahlstrøm

**Medverkande**  
Idun Losnegård  
Jeppe Beck Laursen  
Kyrre Eikås Ottersen  
Peter Førde  
Reidun Melvær Berge  
150 amatørar

**Musikarar**  
Harald Dahlstrøm  
Arne Hammer  
Jakob Wyrzt  
Adele Halten  
Rolf Prestø

**Inspisient** Jenny Pettersen  
**Teknikar** Odd Magne Herland  
**Teknikar/Lyd** Robert Tomkiewicz  
**Sminke/maske** Live Brændmo  
**Kostymeansvarleg** Anna Wingård

«Regnvêret gav  
Kinnaspelet ein  
ekstra dimensjon.  
Ei mektig  
førestilling»

-Firdaposten



Eit samarbeid med  
Kinnaspelet og med bidrag  
frå distriktsmusikarordninga  
i Sogn og Fjordane.



LAB PROSJEKT 24-28. april

# FORTELJARKUNST

Workshop i forteljarkunst med Dominic Kelly.

**Deltakarar:** skodespearane Reidun Melvær Berge, Kyrre Eikås Ottersen, Idun Losnegård og Oda Alisøy.

**Eventyr:** «Dei tre mostrene», « Askeladden som kappåt med trollet», «Nordavinden» og «Tommeliten».

**Publikum på arbeidsvisning:** 36

## Kom alle saman, bli med til eventyrland!

*Alle treng å møte Askeladden. Som er minst, kjem sist og er litt utanfor. Men som er modig, oppfinnsam og snill! Og veldig morosam. Alle treng å møte han.*

Ungane i teatersalen sit med føtene oppe i stolen og gøymer hovuda bak knea. Trollet kjempar ein håplaus kamp mot all grauten, men det er eit digert, rasande troll! Korleis skal det gå med Askeladden nede i trollhola?

*På scena sit Idun Losnegård på ein pinnestol. Det er alt vi ser, men i fantasien ser vi alt: Gullet og sølvet, den store gryta med graut, sekken med hol i - og kniven! No tek trollet tak i kniven og skjer eit digert hol i magen så grauten tyt ut over golvet. Ungane ler letta og kikar opp bak knea sine. Heldigvis! Der ligg trollet stein dautt på golvet. Askeladden får med seg heile skatten heim.*

Visst er det skummelt! Grøss og gru, så skremde vi blir. Men i trygge rammer og i eit frydefullt fellesskap med dei andre i barnehagen, i forvissing om at det ikkje er på ekte. Det er berre eventyr.

Det er stor forteljarkunst skodespearane på Sogn og Fjordane teater har lært seg å mestre gjennom arbeidet med folkeeventyra. Vi treng eventyra som støtte til våre eigne livsforteljingar og for å delta i den store felles forteljinga kulturarven vår er. Slike opplevingar gjev borna eit grunnlag for å utvikle identitet og kulturell tilknytning.

Og så er det frykteleg moro! Og det endar godt. Så lærer vi oss å tru og håpe at det vil vere slik for oss også, i det verkelege eventyret, livet vårt som ventar.

Tekst: Janne Karin Støylen

# BELLE GUNNESS - EIT MOBILT DRAMA OM KJÆRLEIK, GIFTMORD OG VAFLAR

I lab-veka valde Miriam regissør Miriam Prestøy Lie å fordjupe seg i ei over hundre år gammel kringgåte, basert på den sanne historia om Belle Gunness frå Selbu.

Tidleg om morgonen den 27. April 1908, brann ein storgard i LaPorte Indiana ned til grunnen. I oska etter brannen låg leivningane av ei vaksen kvinne og tre små born. Lika blei raskt identifiserte som norskfødde Belle Gunness og borna hennar. Det heile såg tilsynelatande ut som ein ganske alminneleg tragedie, inntil ein nordmann på jakt etter bror sin byrja å grave i jorda.

Historia om den norske utvandrarinna Belle Gunness, som blei kjend som ein av tidenes verste seriemordarar, er både godt dokumentert og gåtefull. Meir enn hundre år etter at historia sjokkerte ei heil verd, står framleis mange spørsmål utan svar.



**Instruktør:** Miriam Prestøy Lie

**Skodespelarar:** Idun Losnegård, Kyrre Eikås Ottersen, Reidun Melvær Berge.

**Lys/teknikk:** Krystian Myska

**Publikum på arbeidsvising:** 39 (3 arbeidsvisingar)

## Til bords med Belle Gunness

*I eit mørkt rom, rundt eit svart bord sit eg som den tolvte gjesten i selskapet. Stemninga er uhyggeleg, men venleg, på same tid. Det luktar vaflar. Vertskapet er kledde i varme strikkekofter. Så byrjar forteljinga, i det kalde skinet frå ei lommelykt. Forteljinga om Brynhild Paulsdotter Størset som drog frå Selbu til Amerika i 1881 og skulle komme til å bli ein av dei mest berykta seriemordarane i landet.*

– Eg er blitt ein nerd når det gjeld denne historia, fortel regissør Miriam Prestøy Lie. Det byrja i 2001, ein fridag på turné i Ål i Hallingal. Eg gjekk innom biblioteket og lånte ei bok eg aldri leverte tilbake. Eg skjønnte veldig fort at eg ville lage ei framsyning om Belle Gunness, men forteljinga er som ein dramatisk knute som stadig flyttar seg. Det forundrar meg at historia eigentleg er lite kjend i Norge. I USA derimot finst alt frå adaptasjonar i form av cowboy-romanar med glorete framsider til forskning på korleis myten om henne har utvikla seg i eit kjønns-perspektiv. Eg oppdaga ein underskog av ulike typar materiale som gjorde at eg opparbeidde meg stadig meir kunnskap om denne historia.

Den dramatiske knuten knyter seg til at forteljinga er samansett og peikar mot fleire mulege tema og motiv. Når menn drep ligg forklaringa ofte i hemn eller begjær. Kvifor drep kvinner? Kvifor drap Belle? Pengar ser ut til å vere hennar motiv, men kvifor så mange? Kvifor berre menn? Kvifor tok ho vare på alle koffertane deira? Eit heilt rom fullt av koffertar hadde ho til slutt. Kvifor kasta ho dei ikkje, slik ho kvitta seg med lika? Så er det utvandrarmotivet, kvifor måtte ho dra? Ville ho dra? Kva drog ho i frå? Etter kvart fann eg fleire forteljingar eg brukar som det eg kallar satellittar i denne framsyninga.

Til dømes den svært brutale historia om Stein-Pål og tater-Brynhild, som var slektningar av Belle Gunness. Bar ho på ein arv av tabu, skam og skuld?

Trass i all kunnskapen eg fann fram til, fann eg ikkje ut korleis eg kunne dramatisere dette stoffet. Ikkje før eg fekk delta i dette LAB-prosjektet på Sogn og Fjordane teater. Vi sat kring eit bord, skodespelarane og eg. Full av kunnskap la eg fram mine tankar, og plutselig innsåg eg at det var slik denne historia kunne bli formidla på teateret. Rundt eit bord, og i dialog med publikum. Ofte har dei noko å fortelje, og forfedre som utvandra, eller om slektningar som kom tilbake. Dermed blir framsyninga ulik frå gong til gong. Eg er veldig opptatt av dei fordelane teateret har som eit levande rom. Det er dette som gjer at teateret skil seg frå andre formidlingsformer. Teateret finst ikkje utan publikum!

Denne erkjenninga, at eg ville samle publikum rundt eit bord, involvere dei og gje dei rom til å fortelje, støtta også den andre sida av målsetjinga mi med dette stoffet. Det skulle vere lett å turnere, få plass i ein koffert, bruke berre enkle sceniske verkemiddel: Fyrstikker, litt jord, nokre steinar, eit krit, lommelykt, bilete og bøker. Det er så godt å jobbe så enkelt!

Det vi har gjort i LAB-prosjektet Belle Gunness er ein ny sjanger, ein sjanger vi har skapt. Ein sjanger eg vil forske vidare i!

*Låven brenn! Den vesle konstruksjonen av fyrstikker brenn ned til grunnen på bordet framom meg. Lommelykta peikar på eit foto på veggen. Eit nytt offer. Ein ny stein langs kritstreken på det svarte bordet. Mild musikk fyller rommet, vaflar blir sette fram, songark blir delte ut. Vi syng, fortel, deltek. Lærer, tenkjer, undrar oss. Kven var du, Belle Gunness? Kvifor drap du?*

Tekst: Janne Karin Støylen

SAMPRODUKSJON

# SUNNIVA NO



Foto: Arve Lillebe

Sunniva no er ein samproduksjon mellom Førdefestivalen, Sogn og Fjordane Teater og Svidal/Brantzeg.

Première på Førdefestivalen 5.juli i Viking  
Framsyingar: 6  
Publikum: 369

**Regi/koreografi** Mette Brantzeg

**Musikk** Gro Marie Svidal

**Scenografi** Erik Annar Evensen


**Lys** Atle Øydvin

**Kostyme/rekvisitt** Solveig Fugelsøy

**Dansarar** Torill Steinjord, Vetle Springgard og Martin Myhr

**Førdefestivalen**  
FØRDE TRADITIONAL AND WORLD MUSIC FESTIVAL NORWAY

# NØTTEKNEKKAREN



## GJESTESPEL

HORDALAND TEATER

# SKOMAKARENS DRAUM



Foto: Tor Erik H. Mathiesen

Av Ljudmil Nikolov  
Kunstnarleg rådgjevar Ivar Tindberg  
Scenografi dokkemakar og dokkeinstruktør Ljudmil Nikolov  
Dokkemakar (ballerina) Teater Stara Zagora (Bulgaria) Zhivko Kanev  
Medverkande Ljudmil Nikolov  
Avvikling/hjelp på scena Kristian Børve  
Enkelte musikkutdrag Jostein Stalheim  
Produsert på Hordaland Teater 2017

Framsyingar: 14  
Publikum: 576



BORNAS VERDS DAGAR FØRDE

# FELEFLAUM OG SOGESTRAUM



Foto: Thor Hauknes

Laurdag 25. november gjekk den åttande familiefestivalen, Bornas Verds dagar Førde (BVD) av stabelen. Mottoet til BVD er "oppleving gjennom deltaking". Saman med gode samarbeidspartar fyller Førdefestivalen Førdehuset med mini-verkstadar og aktivitetar. Festivalen er gratis, og alt skjer under leiing av Førdefestivalen, i samarbeid med Førde kommune, og skular og barnehagar i Førde.

Medverkande: Gro Marie Svidal og Hanne Oftedal  
Teknikar Atle Øydvin

Framsyingar: 2  
Publikum: 140



LOKAL: Idun Losnegård er strålende som ei litt forvirra gamal dame på skodepelarheimen i Evig ung.

(Foto: Sogn og Fjordane teater)

## Førti, (ikkje) feit og langt ifrå ferdig

**NO KAN HEILT** sikkert koplinga i denne overskrifta til uttrykket «Førti, feit og ferdig» både mistyddast og misbrukt, men likevel: det var for freistande å bruka etter at eg laurdag hadde gleda av vera med på feiringa av Sogn og Fjordane teater sine første førti år, med hovudbase i sunnfjordby nummer to Førde.

**OG BERRE FOR** å slå det fast, det einaste som stemmer i det noko forslitte uttrykket om å nå mellomalderen og «fortiårskrisa» er nett opp det faktum at vårt eige teater i Førde faktisk rundar 40 år. For ikkje er teateret spesielt feitt og slett ikkje ferdig – noko festforestillinga laurdag kveld med livgjevande «Evig ung» er eit prøv.

Eg kjem attende til akkurat det. Men altså: I 1977 makta treininga Staten, fylkeskommunen og Førde kommune – av ein eller annan grunn – å etablere eit eige teater i det som den gongen ikkje ein gong var påtenkt som eit framtidfylke.

Meir enn 200 ulike stykke, ein teaterbåt ved kai og i alle fall eitt nesten-nedleggingsvettak seinare, er vårt eige fylkestheater både livskraftig nok og ikkje minst – så verdfullt at me må samla oss om å ta vare på det. Og halda liv i det også

etter at regionreforma (eventuelt) er sett ut i livet.

**DET HANDLAR** OM identitet, og det handlar ikkje minst om nynorsken – folkens. Og det handlar om mange gode og inspirerende kunstneriske opplevingar, nokre middelmåtte og nokre kanskje til og med elendige, nett slik eit teater som engasjerer og provoserer skal vera.

**OG ME KAN** aldri stikka under stol at det har vore ein stor prestasjon av dette vesle fylket, eit fylke som dagens politiske regime i hovudstaden meiner ikkje ein gong har livets rett, å makta å halda seg med eit eige teater i ein heil mannsalder. Det er bygd opp ein stab med brei og allsidig kompetanse i Førde, noko som er viktig for heile fylket. Og ikkje minst – i alle desse åra har teateret reist rundt i dette grisgrudente fylket for å gjø folk

teateropplevingar mange elles aldri ville ha fått.

**DET KANSJUE MEST** spennande prosjektet var Anne Gullestads satsing på teaterbåten Innvik, som segla rundt og spelte teater der du

aldri skulle tru at slikt kunne gjer seg. Eg ropar eit stort ja til tidlegare styreformann Ottar Befring som i si helsing til jubilanten under festmiddagen laurdag kveld, ytra ønske om å sjøstjå ein ny teaterbåt. Sikkert ikkje spesielt realistisk – men for ein idé det var, og frameis er!

Det vanka sjølvsgatt mykje skryt til jubilanten før festframsyninga av «Evig ung» i Førdehuset, og som sagning konstaterer eg med ein viss stoltheit at både fylkespolitikaren som er tattast på teateret, nemleg leiar i fylkeskulturutvalet Karen Marie Hjelmeseter og styreformann for teateret, Rasmus Mo begge er sogningar av beste merke. Sogn er altså med og spelar dette teateret gode i ei tid der det kanskje trengst meir enn nokon gong. For det er naivt å tru at ikkje teateret sin posisjon kan bli utfordra i ein ny og mykje større Vestlandsregion.

**SOM NEMNT ER** det fleire grunnar til at me bør slå ring rundt dette teateret, og tidlegare Terje Lyngstads poeng er kanskje det viktigaste. I si helsing peika han på at det dei siste åra har kome fleire og fleire skodespelarar med lokal forankring attende til teateret i Førde etter enda utdanning. Det styrkar posisjonen. Det styrkar nynorsken og bruken av dialekt og det styrkar identiteten!

Det var slik sett litt stas å registrere at nettopp lokale Idun Losnegård var den kanskje friskaste av mange friske «gamlingar» på scena under festframsyninga av «Evig ung» laurdag kveld. Denne teaterframsyninga kjem forresten til Sogn denne veka. Alt i morgon spelar dei i Øre Ardal, så står Aurland, Sogndal, Vik, og Balestrand for tur før denne festlege festframsyningar avrundar med to ekstraframsyningar i Førde i slutten av mars.

**VISS DU LUKAR** musikk – og spesielt hitlåtar frå 80-talet – så er dette noko du bør få med deg. Og viss du i tillegg har sans for litt friske fråspark og ein del artige lokale referansar så må du nytta sjansan til å føla deg litt evig ung saman med eit ensemble som er imponerende godt styla som gamle avdanka skodespelarar og som leverer fleire musikaliske prestasjonar av høg klasse. Losnegård er nemnd. Claus Sellevold som Ivar Medaas er ubetaleleg og Elisabeth Moberg sitt nivå kjemner dei fleste vestlendingar godt til.

Og berre så det sagt i markeringa av førtiårsdagen laurdag dokumenterte at Sogn og Fjordane teater prioriterer det kunstneriske langt framføre forgjengeleg sprudlevatn og forfina festivas. Strålende – slikt gjer von om førti fine år til – minst.

## 40 ÅRS FEIRING

# SOGN OG FJORDANE TEATER

Sogn og Fjordane Teater feira 40 år med festframsyning 4. mars 2017. Fylkesordførar Jenny Følling deltok på feiringa, og hadde denne gratulasjonshelsinga:

- Håndtrykket 2007 frå Norske dramatikere forbund
- Heddaprisen 2010 for særleg kunstnerisk innsats

I heile 40 år har Sogn og Fjordane teater gleda folk i trivselsfylket med teateroppsetjingar av høg kvalitet. Teateret har som visjon at «Vi skal røre folk med opplevingar dei ikkje har hatt før», og med ein slik visjon legg ein lista høgt. Denne visjonen er bygd på verdiane modig, engasjert og inkluderande – ord som i stor grad kan brukast for å beskrive verksemda til Sogn og Fjordane teater.

Teatret har nynorsk som scenespråk og har dei siste åra satsa sterkt på ny norsk dramatik med historier frå regionen. Dette arbeidet gjer teateret vesentleg som historie- og tradisjonsberarar, og utgjer ei viktig rolle i dagens dynamiske, globale verd.

For sitt arbeid har SoFt har motteke fleire prisar, som syner at innsatsen har vorte lagt merke til også utanfor fylket vårt:

- Antirasismeprisen 2005 frå Årdal kjemiske arbeidslag
- Heddaprisen 2006 for særleg fagleg innsats

I skildringa av kveldens jubileumsframsyning omtales komedien Evig Ung som eit musikalsk fyrverkeri - ei heilhjarta feiring av den ubendige livskrafta og livsgleda som slett ikkje let seg prege av nokon alder, så det er tydelegvis berre å gle seg!

Eg er stolt og heldig som kan stå her som fylkesordførar i kulturfylket Sogn og Fjordane og oppleve ei festforestilling på øvste hylle. Eg synest også det er kjekt at førestillingane samlar kulturentusiastar og teaterinteresserte ikkje berre frå Sunnfjord og Førde, men at førestillinga også vert gjort tilgjengeleg til resten av Sogn og Fjordane, og vidare til Hordaland i eit bredt område som kryssar både kommune- og fylkeskommunale grenser.

Eg ynskjer publikum og alle involverte ein retteleg god fornøyelse.

Gratulera med dagen!

Jenny Følling, Fylkesordførar

## BURSDAGSFEIRING

# NORVALD TVEIT

Norvald Tveit runda 90 år i 2017, og 15. november inviterte Sogn og Fjordane Teater til fest på scena.

**«Eg har stelt meg på ein slik måte at naboar og dei næraste ser på meg som ein tulling. Eg har alltid følt meg utanfor.»**

Det seier dikteren i sitt nittiande år. Følelsen av utanforskap har han forsona seg med som ein del av tilværet. Det har vore ei konstant kjelde til tungsinn, men også til boblande inspirasjon. Han er ein meister i bruken av spit, vestlandskystens svar på ironi, ei omgangsform der ein ikkje meiner det ein seier, men ikkje naudsynt det motsette heller. Spit er lag på lag med tvisyn og omskrivingar - og opphav til mykje av forfattarskapen hans.

I den kulturelle stovevarmen har han sloppe inn. Til ein viss grad. Han har vore oppført på Det Norske Teateret, Oslo Nye Teater, Den Nationale Scene, Sogn og Fjordane Teater, radioteateret og fjernsynet. Han har eit tjuetals boktitlar bak seg. Han har fått Ibsenprisen og Kongens fortjenestemedalje i gull. Når fylkets diktarhøvdning skal feire 90 år på Sogn og Fjordane Teater, er det med dramatikaren



Foto: Ivar Sætre

Rolf Losnegård som vert. Skodespelarane Idun Losnegård, Kyrre Eikås Ottersen og Reidun Melvær Berge viser utdrag frå Splint, Ungkarsfesten, Bruredansen og Kystkvinna. Førde kammerkor og 25 ungar frå Førde kulturskule skal krone Norvald som den høvdningen han er. Og Selja Forlag slepp «Reservetanken», ei bok om Norvald Tveit, ført i pennen av hovudpersonen sjølv med fleire.

